

ÅRSMELDING

2016



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn

1 .0 INNLEIING OG GENERELT

Personale

Vi har hatt to nytilsette kyrkjetenar i 2016, og har ikkje hatt vakansar gjennom året.

Økonomi

Soknet hadde eit mindreforbruk (overskot) på 153.943,- i drifta. Investeringsrekneskapen for 2016 går i balanse etter nettoavsetning kr 134.710,- til ubunde investeringsfond.

Investeringsprosjekt

Heller ikkje i 2016 har ein hatt tilfredsstillande progresjon i investeringsprosjekta som har vore planlagde. I løpet av året har ein fått installert nytt brannalarmanlegg i Vilnes kyrkje, og utvidinga av Askvoll gravplass vart bortimot ferdig. For sikring av Bakkeelva mot gravplassen og lyssetting ved Vilnes kyrkje ventar ein framleis på nødvendige tiltaksløyve. Takrehabiliteringa på Kvammen kapell er ein forseinka med fordi det tok lang tid å få inn tilbod, og at ein har måtta sikre auka finansiering av dette prosjektet, då det er dyrare enn forventa.

Gravplassforvalting

Arbeidet med opprydding i gravregisteret, herunder kartlegging av festarar og gravansvarlege og reetablering av tidlegare utløpte festeavtalar, heldt fram gjennom 2016. I løpet av året var det 121 utfakturerte festetilbod. Totalt 182 graver vart sletta i løpet av året.

2.0 ORGANISASJON

2.1 Askvoll sokneråd

Askvoll sokneråd er det lokale kyrkjestyret for Askvoll sokn. Soknerådet har både sokneråds- og fellesrådsfunksjon. Som sokneråd har rådet ansvar for å nære det kristelege livet i soknet og som fellesråd skal rådet forvalte dei kyrkjelege eigedommane i soknet (kyrkjebygg og gravplassar), arbeidsgivaransvar for dei som er tilsett i lokalkyrkja, forvalte lokalkyrkja sin økonomi, vere gravplastyresmakt og ivareta soknet sine interesser overfor kommunen.

Valde medlemmer

Jostein Gryte (leiar)
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar)
Harriett Norstrand
Halldis Rørvik
Arne Fedøy
Aud Eldrid Frøholm
Ingvild Loftheim
Leif Jørgen Leknes
Terje Mork
Else Stølen
1. vara Karen Anny Espedal
2. vara Sissel Hege Igland
3. vara Eva Iren Landøy
4. vara Egil Helge Tjønneland
5. vara Arne Martin Tjugum

Kommunen sin representant

Anne Grethe Lien
Åge Guddal (personleg vara)

Geistleg representant

Stein Hugo Fykse
Knut Arne Kummeneje (personleg vara)

Sekretær for rådet og dagleg leiar for verksemda

Rune Ziener

2.2 Soknerådsmøte og soknemøte

I 2016 var det 8 soknerådsmøte, og det vart handsama 67 saker (både sokneråds- og fellesrådssaker i møta). Det var soknemøte/årsmøte i Askvoll kyrkje 10. april med 9 møtande med stemmerett.

2.3 Utval og komitéar

Administrasjonsutval

Jostein Gryte (leiar) med Aud Frøholm som varamedlem
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar) med Terje Mork som varamedlem
Oddgunn K. Grane som representant for dei tilsette
Rune Ziener

Forhandlingsutval

Wenche Ness Gabrielsen (leiar) med Terje Mork som varamedlem
Jostein Gryte (nestleiar) med Aud Frøholm som varamedlem
Rune Ziener

Arbeidsutval

Jostein Gryte (leiar)
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar)
Stein Hugo Fykse
Rune Ziener

Kyrkjelydsutval

Askvoll	Vilnes	Holmedal
Ingvild Loftheim	Else Stølen	Terje Mork
Aud Eldrid Frøholm	Gunn Sætre	Kari Berit Ness
Oddgeir Askevold	Agnar Vilnes	Jorunn Bull
Ingvild Strømmen	Edvin Landøy	Anne Grethe Lien
Arne Tjugum	Kjellaug Vilnes	Karen Espedal
Liv Hushagen	Esther Hugøy	

Kvammen	Bulandet
Marit Leknes Gryte	Arne Fedøy
Halldis Rørvik	Tone Nybø
Harald Ålen	Kathrin Sunde Rogne
Atle Selvik	Magnar Hillesøy
Leif Leknes	Synnøve Melvær
	Marit Veim Thistel
	Målfrid Hittun Fedøy

I Stongfjorden og Værlandet er det ikkje eige kyrkjelydsutval.

Trusoppplæringsutval

Harriett Norstrand
Sigrid Lunde
Sidsel Anita Itland
Marit Veim Thistel
Knut Arne Kummeneje
Ragnhild Stav

3.0 ADMINISTRASJON OG TILSETTE

Tilsette i soknet

Funksjon	Årsverk 2016	Årsverk 2015	Årsverk 2014
Kyrkjeleg administrasjon	1,7	1,7	1,7
Kyrkjer	1	1	1
Gravplassar	0,7	0,7	0,7
Anna kyrkjeleg verksemd	0,5	0,5	0,4
Sum fastlønn	3,9	3,9	3,8
Timetilsette	Ca 0,55	Ca 0,55	Ca 0,55
Sum årsverk inkl. timetilsette	4,45	4,45	4,35

Kyrjekontoret held til i sentrum av Askvoll (i gamle heradsheimen), der ein disponerer 6 kontorplassar og møtelokale.

Askvoll sokneråd er medlem av Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA) og er omfatta av KA sitt tariffområde.

Dei tilsette har pensjonsordning i KLP.

HMT-rapport 2016 (2015-tal i parentes)

HMT-årsrapport	Kartlagt/avdekkede avvik	Lukking/plan for lukking av avvik
Sjuefråver relatert til arbeidsmiljøet	0 (3)	-
Avviksmeldingar	0 (4)	-
Skademeldingar	0	-
Vernerunderapport	0 (1)	-
Tilstandsrapport – psykososial kartlegging	-	-
Sjuefråversprosent		6,15 (6,87)

Merknad til HMT-rapporten: I 2016 har ein ikkje klart å følge gjeldande HMT-plan for verksemda.

4.0 KYRKJELEG VERKSEMD

4.1 Gudstenester og kyrkjelege handlingar. Statistikk

4.1.1 Gudstenester

Kyrkje/kapell	Tal gudstenester					Tal deltakarar					Nattverdgjestar				
	2016	2015	2014	2013	snitt	2016	2015	2014	2013	snitt	2016	2015	2014	###	snitt
Askvoll	27	27	15	3	18,0	2172	1593	1403	214	1346	404	406	151	37	250
Vilnes	14	13	11	11	12,3	672	677	685	778	703	139	54	121	48	91
Holmedal	15	14	18	21	17,0	1008	1102	1441	1992	1386	382	198	328	255	291
Kvammen	14	16	14	11	13,8	764	981	807	724	819	185	142	236	151	179
Stongfj	3	3	6	9	5,3	183	206	183	263	209	14	15	53	90	43
Værlandet	1	1	5	8	3,8	33	147	305	390	219	0	0	36	99	34
Bulandet	12	14	11	10	11,8	771	665	494	495	606	159	260	218	216	213
Sum	86	88	80	73	81,8	5603	5371	5318	4856	5287	1283	1075	1143	896	1099

Inkludert i tal gudstenester er nattverdgdustenester, familiegudstenester (inkludert julaftan), friluftsgudstenester, skulegdustenester, ungdomsgudsteneste og ikkje forordna gudstenester.

Det var to messefall i året.

Skulegdustenester:

I Askvoll og Kvammen var det skulegdustenester med til saman 352 deltakarar.

Andakter/nattverdgdustenester på Askvollheimen:

Det har vore ti andakter (fem med nattverd) på Askvollheimen med totalt 226 til stades. Desse tala er ikkje med i statistikken ovanfor.

Snitt deltakarar per gudsteneste:

	2016	2015	2014	2013	2012
Askvoll	80,44	59,00	93,50	71,33	82,93
Vilnes	48,00	52,08	62,27	70,73	65,08
Holmedal	67,20	78,71	80,06	94,86	82,67
Kvammen	54,57	61,31	57,64	65,82	75,42
Stongfjorder	61,00	68,67	30,50	29,22	38,70
Værlandet	33,00	147,00	61,00	48,75	47,60
Bulandet	64,25	47,50	44,91	49,50	54,27
Snitt pr. år	58,35	73,47	61,41	61,46	63,81

4.1.2 Kyrkjelege handlingar

Kyrkje/kapell	Døypete					Konfirmerte				
	2016	2015	2014	2013	snitt	2016	2015	2014	2013	snitt
Askvoll	13	15	8	4	10	12	6	7	0	6
Vilnes	11	8	5	14	10	9	6	7	5	7
Holmedal	4	4	4	14	7	6	8	9	15	10
Kvammen	3	10	3	4	5	7	6	3	5	5
Stongfjorden	0	2	0	1	1	3	4	2	1	3
Værlandet	1	0	0	2	1	0	4	1	2	2
Bulandet	7	1	0	1	2	3	2	3	4	3
Sum	39	40	20	40	35	40	36	32	32	35

Kyrkje/kapell	Vigde					Gravlagde				
	2016	2015	2014	2013	snitt	2016	2015	2014	2013	snitt
Askvoll	5	1	2	0	2	13	19	16	17	16
Vilnes	0	0	2	1	1	2	7	6	3	5
Holmedal	2	1	2	5	3	5	6	8	6	6
Kvammen	0	0	1	0	0	3	2	3	6	4
Stongfjorden	0	0	0	0	0	2	3	7	7	5
Værlandet	0	0	0	0	0	3	2	2	3	3
Bulandet	0	3	0	1	1	8	4	2	2	4
Sum	7	5	7	7	7	36	43	44	44	42

4.2 Trusopplæring

Oversikt over trusopplæringstiltak som er gjennomført i soknet i 2016


Alder	Namn på tiltak	Fra plan	Tal samvær	Omfang i timar
0 - 1	Dåpsfase	Med Jesus vil eg leve.	2	3
0-1	Babysong	Med Jesus vil eg leve.	16	32
2-3	2-årssamling	Med Jesus vil eg leve.	1	1
4	Utdeling av 4-års bok	Med Jesus vil eg leve.	1	2
6	6-åringar	Med Jesus vil eg leve.	1	2
9	Påskevandring	Med Jesus vil eg leve.	2	3,5
11	Kode B - Utdeling av bibel	Med Jesus vil eg leve.	3	5,5
13	Middag og misjon	Med Jesus vil eg leve.	1	2,5
14 - 15	Konfirmasjon	Med Jesus vil eg leve.	21**	60
Total			48	111,5

Oversikt over tal deltakarar per tiltak og oppslutnad i høve til målgruppa (årskulla i soknet)

Tiltak	Tal deltakarar	Tal jenter	Tal Gutar	Deltaking prosent	Tal i målgruppa
Dåp	29	13	16	100%	29
Babysong	7	6	1	22%	32
2-årssamling	17	10	7	85%	20
4-årsbok	22	9	13	79%	28
6-årsbok	10	7	3	53%	19
Påskevandring 9 år	9	0	9	31%	29
Kode B 11 år	20	7	13	38%*	53
Middag og misjon	9	5	4	33%	27
Konfirmasjon	39	25	14	100%	39
Total	162	82	80	68%	276

Dei nye tiltaka som var sett i gong i 2016 var:

- Babysong
- 2-årssamling
- Middag og misjon
- *I 2016 fekk både 4. og 5. klasse Bibelen
- **Samvær inneber her både konfirmantundervisning, leirhelg og nattcup, og deltaking på gudstenester
- Grafen nedanfor viser korleis det totale volumet trusopplæringstimar (timetal i tiltaket X tal deltakarar), 2896 timar er fordelt på type tiltak.



4.3 Kyrkjemusikk

Soknet arrangerte to kyrkjekonsertar/musikkandakter i eigen regi i 2016. Totalt frammøte for desse var 85 besøkande. Nytt av året er fast tilskiping av musikkveldene «Syng, for guds skuld!» som går føre seg i Kvammen kapell nokre fredagskveldar pr. semester.

Utanom dette vart det arrangert tre kyrkjekonsertar ved eksterne arrangørar med totalt 646 besøkande.

4.4 Diakoni

Framleis har ein ikkje fått etablert eit diakoniuval i soknet, og ein har heller ikkje nokon vedteke diakoniplan. Likevel er arbeidet med dette så smått i gang, og det vart arrangert eit ope diakoniseminar i Askvoll kyrkje i oktober, med bispedømmet sin rådgjevar for diakoni og misjon som hovudinnleiar.

4.5 Misjon

Soknerådet har misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap og støttar prosjektet *Barn og unge i Thailand*. Totalt innsamla kyrkjeoffer til kyrkjelydens misjonsprosjekt var kr 20.036,- fordelt på ni gudstenester.

4.6 Profilerings og kommunikasjon

Kyrkjeblad

I 2016 fekk ein gitt ut tre nummer av kyrkjeblad for Askvoll.

Dette er i tråd med innsparingstiltaket, der ein har redusert målsettinga med eitt nummer pr. år grunna tidlegare underskot i bladfinansieringa.

Finansiering av trykkinga skjer ved frivilleg bladkontingent, annonser, kyrkjeofringar og gåver. I 2016 hadde ein eit overskot på kr 7.376,- for kyrkjebladet, sett i bunde fond for kyrkjeblad.

Heimesider

Frå mars 2014 fekk ein etablert egne heimesider for soknet. Heimesidene er tenkt å vere den grunnleggjande informasjonsbasen, der publikum kan søkje opp relevant informasjon. Talet unike besøkande ligg på gjennomsnittleg 349 personar pr. måned, med gjennomsnittlig 1305 sideoppslag pr. måned i 2016.

Facebookprofil

I 2014 fekk ein også sett opp ei eiga Facebook-side for soknet. Funksjonen for Facebook-sida er primært annonserande og marknadsførande, samt at ein lenker til oppdateringar på heimesida. Kyrkja i Askvoll har 375 tilhengjarar pr. 31.12.2016, opp frå 319 pr. 31.12.2015.

5.0 KYRKJER OG GRAVPLASSAR

5.1 Investeringar

Avslutta prosjekt 2016	Pågåande/ikkje-avslutta prosjekt 2016	Planlagde, men ikkje igangsette prosjekt 2016
Brannalarm Vilnes	Utviding Askvoll kyrkjegard	
	Sikring Holmedal gravplass mot Bakkeelva	
	Rehabilitering av takkonstruksjon, Kvammen kapell	
	Tilkomstveg og parkeringsplass, Vilnes kyrkje/kyrkjegard	
	Lyssetting ved Vilnes kyrkje	

Utviding Askvoll kyrkjegard

Kyrkjegarden er utvida mot nord med 258 nye graver. Arbeidet har gått føre seg i 2015 og 2016, og skulle ha vore avslutta ved årsskiftet, men grunna sein levering av ny port og ein del lysarmatur vert ikkje arbeidet avslutta før 2017.

Sikring mot Bakkeelva

Ein fekk gjennomført planlegging av tiltak for sikring av Holmedal kyrkjegard og bårhus i 2014. Tiltaksplan er utarbeidd, og prosjektet vert støtta av NVE. Gjennom 2015 og 2016 har ein ikkje lukkast med å få byggjeløyve til tiltaket.

Brannalarmanlegg i Vilnes kyrkje

Nytt brannvarslingsanlegg med direktevarsling til brannvesenet vart installert i 2016.

Rehabilitering Kvammen kapell

I mai månad lukkast ein endeleg å få godkjenning om løyve til eksteriørendringa frå Bjørgvin biskop. Etter gjennomført tilbodskonkurranse sommaren 2016, fekk ein først ingen tilbod, men lukkast med det i august. Prosjektet viser seg å vere dyrare enn kostnadskalkylen, så ein måtte arbeide med auka finansiering hausten 2016 for å kunne komme i gang.

Tilkomstveg og parkeringsplass Vilnes kyrkje og kyrkjegard

Ein fekk utarbeidd ei planskisse og kostnadskalkyle for ny parkeringsplass ved Vilnes kyrkje. Det var ikkje tilstrekkeleg med investeringsmidlar til å kunne gå i gang med prosjektet i 2016. Prosjektet er planlagt gjennomført i 2017.

Lyssetting ved Vilnes kyrkje

Det er utarbeidd ein plan for lyssetting ved Vilnes kyrkje. Søknad til bispedømmeråd og Riksantikvar vart sendt i mars 2016, men det låg enno ikkje føre godkjenning ved utgangen av 2016.

5.2 Vedlikehald, inventar og utstyr

Innvendig galleritrapp til Holmedal kyrkje

Ein fekk bygd ei innvendig galleritrapp til Holmedal kyrkje, slik at ein no kan nytte galleriet, etter at dette har vore avstengt for dei besøkande grunna branntryggingsomsyn.

Utstillingsmonter til messehakel i Holmedal kyrkje

Ein har fått bygd eit skåp/monter til den gamle messehakelen i Holmedal kyrkje, men dette var ved årsskiftet enno ikkje sett inn i kyrkja.

Nytt varmestyringssystem til Askvoll kyrkje

Det førre varmestyringssystemet i Askvoll kyrkje fungerte ikkje tilfredsstillande, og nytt system er installert.

Nytt golv i sakristidelen i Vilnes kyrkje

Etter vannlekkasje grunna frostskade i januar 2016 er det lagt nytt furugolv i sakristigangen i Vilnes kyrkje.

Kontroll av kyrjeklokker og ringeanlegg

Sommaren vart det utført kontroll og service på alle kyrjeklokkene i soknet. Det er no inngått fast avtale for slike kontrollar.

6.0 ØKONOMI


6.1 Driftsrekneskapen

Askvoll sokn hadde i 2016 eit mindreforbruk på kr 153.943,- i driftsrekneskapen.

Investeringsrekneskapen gikk i balanse etter nettoavsetning kr 134.710,- til ubunde investeringsfond.

Mindreforbruket i drift er føreslege overført til investeringsrekneskapen, til å finansiere innvendig rehabilitering av Kvammen kapell .

Nøkkeltal	Rekneskap 2016	Justert budsjett 2016	Rekneskap 2015
Sum driftsinntekter	-5 149 071	-4 994 500	-5 286 907
Sum driftsutgifter	4 746 103	4 858 500	4 102 625
Brutto driftsresultat	<u>-402 968</u>	<u>-136 000</u>	<u>-1 184 282</u>
Netto finansinntekter/utgifter	-977	0	-3 248
Avskrivningar	386 186	0	314 177
Motpost avskrivningar	-386 186	0	-314 177
Netto driftsresultat	<u>-403 945</u>	<u>-136 000</u>	<u>-1 187 530</u>
Bruk av disposisjonsfond/tidl.års mindreforbruk	-72 964	-73 000	-74 935
Bruk av bundne fond	-53 397	-96 000	-9 083
Sum bruk av avsetningar	<u>-126 361</u>	<u>-169 000</u>	<u>-84 018</u>
Sum avsetningar	376 363	305 000	928 930
Rekneskapsm. mindreforbruk	<u>-153 943</u>	<u>0</u>	<u>-342 618</u>



Generell kommentar til rekneskapen:


Samla driftsinntekter i 2016 er kr 137.836,- lågare enn i 2015. Hovudårsaker til reduksjonen er at festeinntekter er ned nær kr 200.000,- samanlikna med året før, samt at gáveinntekter var ekstraordinært høge i 2015, der ein t.d. fekk inn ei enkeltgáve til Vilnes kyrkje på kr 400.000,-. At samla nedgang i driftsinntekter frå 2015 til 2016 ikkje er større, skuldast fleire delelement:

- om lag kr 160.000,- i refusjonsinntekt frå kommunen (som gjeld 2015) er rekneskapsført i 2016
- om lag kr 80.000,- forsikringsoppgjer etter skade
- om lag kr 50.000,- meir i kompensert meirverdiavgift samanlikna med 2015
- om lag kr 45.000,- i inntekt på Fasteaksjonen, som ein ikkje gjennomførte i 2015

Driftsutgiftene auka opp frå 2015 med kr 643.478,-. Auken i driftsutgifter er størst når det gjeld lønn og sosiale utgifter. Auken her var på om lag kr 336.000,-, eller opp 13% samanlikna med 2015. Fastlønn for kapitla kyrkje og gravplass har auka med kr 144.000,- grunna styrking av tenestene, og arbeidsgivarandelen til pensjon er totalt opp kr 123.000,- samanlikna med 2015. Auke i lønn og pensjon fører også til auke i arbeidsgivaravgifta.


Vidare er det brukt nær kr 200.000,- meir på vare- og tenestekjøp. Auken i vedlikehaldsinnsats, serviceavtalar og utstyrs-/inventarkjøp til kyrkjebygg og gravplassar utgjer om lag kr 172.000,-, nær ei dobling samanlikna med året før. Auke i vare- og tenestekjøp, fører også til høgare kostnader til meirverdiavgift.

Driftsinntekter, driftsutgifter og kommunal rammeløyving 2010-2016




Pensjonsutgifter

Pensjonsutgifter har vore noko varierende dei siste åra. Premien som er belasta i 2016 var omkring kr 128.000,- høgere enn i 2015. Over kr 50.000,- av denne kostnadsauken skuldast redusert bruk av premiefond. Etter 2014 er det rydda opp i nokre feil i pensjons- og premiegrunnlaget



Festeavgifter

Inntekt for festeavgifter ligg markant lågare i 2016 samanlikna med 2015. Hovudårsak til dette er at det ikkje har vore fakturert ut like mykje som i 2015 i samband med ekstrainsatsen for å kartlegge festarar og gjenoppta utløpte festeavtalar. Grunnen til dette er at ein før 2016 har sendt ut tilbod om festeavtale til allereie registrerte festarar for utløpte festeavtalar, mens ein i 2016 først har måtta kartlegge ukjente festarar før utsending av festetilbod. Eit anna vesentleg moment er at det er lagt opp til ei omlegging , slik at tilbod om fornya feste først vert utsendt kalenderåret festet har utløpt, og ikkje lenger forskotsvis. På denne måten vert inntekten ført i riktig rekneskapsår. Følgjen av denne omlegginga når det gjelder rekneskapsen 2016 er at anslagsvis kr 80.000,- først kjem som inntekt i 2017.



Kommentar til kvar teneste

04100 – Kyrkjeleg administrasjon

Denne tenesta har eit mindreforbruk i forhold til budsjett på kr 47.860,-. Største enkeltavvik her er kr ca. kr 42.000,- mindre i pensjonskostnad enn budsjettet.

04200 – Kyrkjer

Avvik på tenesta med eit mindreforbruk på kr 29.263,-. Største avvik her er kr 84.326,- mindre brukt på vedlikehald enn budsjettet.

Kr 51.468,- kom inn i gåver, og heile beløpet er avsett til bunde fond. Det vart brukt kr 36.040,- meir enn budsjettet til lønnskostnader, men om lag tilsvarande, kr 35.842,- mindre til pensjon.

04300 – Gravplassar

Samla mindreforbruk på tenesta er kr 76.820,-. Her er mellom anna brukt kr 24.881,- mindre til vedlikehald enn budsjettet og mindreforbruk på pensjon med kr 15.306,-.

04310 – Gravstell

Det har ikkje vore fakturert for gravstell i rekneskapsåret.

04400 – Anna kyrkjeleg verksemd

Tenesta er saldert mot bunde fond «Kyrkjelydsarbeid», avsett kr 11.794,-. Overskotet her skuldast mindre kostnad til forbruksmateriell m.v. enn budsjettert.

04420 – Trusopplæring

Tenesta er saldert mot bunde fond «Trusopplæring», der det er brukt kr 40.986,- for å dekke inn underskot for 2016.

Underskotet skuldast i hovudsak kr 62.259,- i nedtrekk i statstilskot for 2016, etter at ein hadde eit større overskot i 2015 grunna vakanse i trusopplæringsstillinga.

04479 – Kyrkjeblad

Tenesta gjekk med kr 7.376,- i overskot. Hovudårsaken til det er at ein har redusert talet utgåver til tre pr. år, og ikkje fire som tidlegare. Ein fekk også inn nær kr 20.000,- meir enn budsjettert i bladpengar og annonsesal, truleg som følgje av omtale av kyrkjebladøkonomien i kyrkjebladet. Innføring av SMS-betaling av bladpengane har truleg hatt marginal effekt på dei totale inntektene, då denne løysinga har vore nede størsteparten av tida etter ein inngjekk avtale.


6.2 Investeringsrekneskapen

Samla investeringar i 2016 i soknet var på kr 2.178.804,- (inkludert nettoavsetning til ubunde kapitalfond, kr 134.710,-). På grunn av utfordringar med framdrift i fleire av investeringsprosjekta gjennom året, måtte ein mot slutten av året nedbudsjettere desse prosjekta, til realisering etter 2016:

- Rehabilitering av takkonstruksjonen, Kvammen kapell
- Sikring mot Bakkeelva

Ein fekk ikkje realisert lyssettingsprosjektet ved Vilnes i 2016, slik det såg ut som at ein ville få til seinhaustes.

Diagrammet nedanfor viser investeringane tre siste åra fordelt på prosjekt. Tala er inkludert meirverdiavgift.




6.3 Balanserekneskapen


	2016	2015	Endring
Bunde fond	1 256 493	1 218 587	37 906
Disposisjonsfond	393 501	253 501	140 000
Ubunde investeringsfond	159 617	24 907	134 710
Unytta overskot (drift)	153 943	342 664	-188 721
Unytta overskot (investering)	0	92 146	-92 146
Total	1 963 554	1 931 805	31 749

Gjennom rekneskapsåret 2016 har det vore ei styrking av summen av fondsmidlar og unytta overskot på kr 31.749,-.


Avsetninger og unytta midlar 2010-2016




Disposisjonsfond pr. 31.12. kr 393.501,-



Bunde fond (sokneråd) pr. 31.12: kr 214.657



Bunde fond (fellesrådsmidlar) pr. 31.12: kr 1.041.1847,-



7.0 FRAMBLIKK 2016-

- **Kyrkje- og gudstenesteliv**
 - *arbeide for å oppretthalde prestedekninga*
 - *askvoll kyrkje - utvida bruksområde som famnar om fleire*
- **Trusopplæring**
 - *rekruttere trusopplærar i ledig stilling*
 - *iverksetje fleire av tiltaka i vedteken plan*
- **Styrking og synleggjering av våre kommunikasjonsplattformer**
 - *kyrkjeblad*
 - *heimesider*
 - *sosiale medier*
 - *sikre ei berekraftig kyrkjebladøkonomi*
- **Gjennomføringsevne for investeringsprosjekt**
 - *auke gjennomføringshastighet*
- **Styrkje det strategiske arbeidet**
 - *visjonsformuleringar og målstyring*
 - *betre merksemd på planarbeid, særleg innan diakoni og kyrkjemusikalsk arbeid*
- **Gravplassforvaltning**
 - *komme ajour med festeavtalar*
 - *finne løysingar for betre gravplassvedlikehald*
- **Økonomi**
 - *halde oppe driftsnivå, når det no er førespeila reduserte rammer*
- **HMT-arbeid for verksemda og arbeidsmiljø**
 - *implementere HMT-systemet*
 - *satse på kompetanse- og personalutvikling*

23.03.2017

Rune Ziener